



Adu ingeniør Atle D. Utkilen
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1712 - 14/17919

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
08.10.2014

Løyve til tiltak - gbnr 202/3 Hjelmås - infrastruktur i Helleåsen bustadfelt

Administrativt vedtak:

Kommunen gjev løyve til tiltak for infrastruktur i samsvar med søknad datert 17.02.2014 komplettert i løpet av juli 2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet gjeld opparbeiding av veg, vatn- og avløpsanlegg og annan infrastruktur for feltet og masseutskifting i delområde BK.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknader om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld utføring i samsvar med godkjent plan. Planendring/dispensasjon må handsamast som eiga sak.
2. Dei ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lover og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.
3. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
4. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve, er gjeve, jf pbl § 21-10

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at rammeløyyvet er gjeve, elles fell løyyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast.

Søknaden

er datert 17.02 og journalført 25.02.2014. Søknaden vart feilført og kom ikkje fram til byggesak før i juli månad, etter at det vart oppdaga at arbeidet var godt i gang. Arbeidet vart stoppa med krav om sikring av anleggsområdet, og manglande dokumentasjon vart etterlyst. Den 06.10.2014 vart teknisk plan godkjent av teknisk drift, noko som skal vera på plass før det kan gjevast løyyve til tiltak (utbyggingsavtalen).

Nabotilhøve

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3, og det er ikkje registrert merknader i saka.

Plangrunnlag

Dette løyyvet gjeld utføring i samsvar med godkjent reguleringsplan for Helleåsen og utbyggingsavtalen med kommunen. 05.09.2014 vart det levert inn brev med tittel «mindre reguleringsplan/disp frå gjeldande plan» med fleire vedlegg. For å ta stilling til endringsframlegget treng kommunen litt meir tid og litt betre grunnlag.

Plassering og høgdeplassering

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 1, jf standarden "Plassering og beliggenhetskontroll". Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Godkjenning av føretak for ansvarsrett

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett i samsvar med Pbl §§ 22-3, jf 21-4 (3):

Rolle	T k	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	1	Ansvarleg søkar	ADU - ingeniør Atle Utkilen	975907120	L
PRO	1	Prosjektering av infrastruktur i Helleåsen og masseutskifting i BK	ADU - ingeniør Atle Utkilen	975907120	L
UTF	1	Masseutskifting, grovplanering, grøfting	Nordhordland Grunn og betong AS	990193975	S
UTF	1	Veg og VA-anlegg	Nordhordland Grunn og betong AS	990193975	S

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og

at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ (2012-satsar). Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

10	Søknadspliktige tiltak (Pbl kap. 20)	Sats	Tal	
10.2.5	Basisgebyr konstruksjonar og anlegg	10.000	1	10.000
10.2.9 a)	Ansvarsrett til sentralt godkjent føretak	1.000	1	1.000
10.2.9 9)	Ansvarsrett til lokalt godkjent føretak	2.500	1	2.500
SUM				13.500

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Geir Styve
Teknisk drift

Her

Mottakarar:

Adu ingeniør Atle D. Utkilen

5953

FONNES